



**MELAND KOMMUNE**

# **Reglement for finans- og gjeldsforvaltning**

Vedtatt Meland kommunestyre sak 55/2018 den 12.09.2018

## **Innhold**

1	Reglementet sitt virkeområde og formål .....	2
2	Heimel og tidsrom .....	2
2.1	Heimel.....	2
2.2	Tidsrom.....	2
3	Forvaltning og forvaltningstypar .....	2
4	Formålet med kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning.....	3
5	Generelle rammer og avgrensingar.....	3
6	Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål .....	4
6.1	Innskot i bank .....	4
6.2	Andelar i pengemarknadsfond .....	4
6.3	Direkte eige av verdipapir.....	5
6.4	Felles plasseringsavgrensingar .....	5
6.5	Rapportering.....	5
7	Forvaltning av kommunens gjeldsportefølgje og øvrige finansieringsavtalar .....	6
7.1	Vedtak om opptak av lån.....	6
7.2	Val av låneinstrument.....	6
7.3	Tidspunkt for låneopptak .....	6
7.4	Konkurrerande tilbod .....	6
7.5	Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument .....	7
7.6	Storleik på enkeltlån – spreiing av låneopptak.....	7
8	Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva .....	7
8.1	Formål.....	7
8.2	Ansvarsforhold.....	7
8.3	Overordna investeringsrammer .....	8
8.4	Produktspektre .....	8
8.5	Risikorammer.....	8
8.6	Akvastningsrisiko og benchmarks.....	10
8.7	Etiske retningslinjer .....	10
8.8	Spesielt om rapportering av langsiktige finansielle aktiva .....	11
9	Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko .....	11
9.1	Rapportering.....	11
9.2	Risikovurderingar.....	12
9.2	Kvalitetssikring .....	12

## **1 Reglementet sitt virkeområde og formål**

Formålet med reglementet er å gje rammer og retningslinjer for korleis forvaltninga av kommunen si finans- og gjeldsportefølje skal skje. Reglementet utgjer eit samla oversyn over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggende fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar berekna for driftsformål, opptak av lån/gjeldsforvaltning, og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva. Reglementet omhandlar og vilkår for kommunen sin refinansieringsrisiko i gjeldsporteføljen.

Aksjar eller andelar i selskap der kommunens eigarskap ikkje er en del av korleis den ledige likviditeten er plassert, men som er av meir strategisk karakter og motivert ut fra næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn omfattas ikkje av dette reglementet.

## **2 Heimel og tidsrom**

### **2.1 Heimel**

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52
- Forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning fastsett av KRD 9. juni 2009.
- Endring ved forskrift nr 1428 1. nov. 2016 med verknad frå 1. januar 2017.

### **2.2 Tidsrom**

- Reglementet gjeld frå det er vedteke av kommunestyret. Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet skal vedtakast minst ein gang i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidligare regler og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for Meland kommune si finans- og gjeldsforvaltning.

## **3 Forvaltning og forvaltingstypar**

I samsvar med vilkår i forskrifa om kommunars og fylkeskommunars finans- og gjeldsforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle kommunens finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette reglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål.
- Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtalar.
- Plassering og forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva.
- Forvaltning av ledig likviditet (punkt 6), gjeldsportefølje (punkt 7) og/eller langsiktige finansielle aktiva (punkt 8 ) kan setjast bort til ekstern forvaltar med konsesjon frå Finanstilsynet eller tilsvarande myndigkeit i EØS – området. Forvaltninga skal utøvast i tråd med finansreglementet.

## **4 Formålet med kommunen sin finans- og gjeldsforvaltning**

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkastning og stabile og lave netto finansieringskostnader for kommunens aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

Dette blir søkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til en kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekke løpende forpliktingar.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gi ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, i forhold til tidsperspektivet på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gi lågast mulig totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det må takast omsyn til eventuelt behov for forutsigbarheit i lånekostnader.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gi ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko som over tid skal bidra til å gi kommunens innbyggjarar eit best mulig tenestetilbod.

## **5 Generelle rammer og avgrensingar**

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetting av dette reglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentlege finansielle risiko, jfr. kommunelova §52.
- Reglementet skal baserast på kommunens eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, mellom anna kva som blir rekna som langsiktige finansielle aktiva. Det er rådmannen sitt ansvar å utgreie og legge fram saker for kommunestyret som blir sett på som prinsipielle.
- Rådmannen skal fortløpande vurdere reglementet sine forskjellige rammer og avgrensingar, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga utøvast forsvarlig i forhold til den risiko som kommunen er eksponert for.
- Det er delegert til rådmannen å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Det er delegert til rådmannen med heimel i dette finans- og gjeldsforvaltningsreglement å utarbeide nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer som er i samsvar med kommunens overordna økonomireglement.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillate brukt gjennom dette reglementet, kan ikkje brukast i kommunen si finans- og gjeldsforvaltning.
- Det er delegert til rådmannen å inngå kontrakt med ekstern forvaltar/ rådgjevar for forvaltning i samsvar med dette reglementet.

Kommunen kan i si finansforvalting bruke andre finansielle instrumenter, såkalla avleia instrument/derivat. Slike instrument skal vere konkret angitt under dei enkelte forvaltningsformene og må brukast innanfor risikoramme for underliggende aktiva eller gjeld og skal inngå ved berekning av finansiell risiko.

Plassering av Meland kommunes midlar i verdipapir, skal skje etter etiske kriterium. Kriteria er omtala under plassering av langsiktige finansielle aktiva, pkt. 8. Så langt det er praktisk mulig skal desse etiske kriteria også gjelde for plasseringar i verdipapirfond. Rammer for forvaltning av kommunens midlar til driftsformål (inkl. ledig likviditet), gjeldsportefølja og langsiktige aktiva, blir omtala i kap. 6.

## **6 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål**

Rådmannen får fullmakt til å plassere kommunens midlar til driftsformål (inkludert ledig likviditet) i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner. Risikoen må vere låg.

Rådmann kan inngå rammeavtale for å ivareta det løpende behovet for banktenester. Det kan gjerast avtale om trekkrettar. Denne kan vere på maksimum 25 mill. kr.

Kommunens driftslikviditet skal som hovudregel plasserast i kommunens hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre spare- eller forretningsbankar. Ledig likviditet, utover kva ein treng til dekning av kommunens løpende forpliktingar dei nærmaste tre månader, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

### **6.1 Innskot i bank**

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 12 månader
- b) Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn mill. kr.
- c) Innskott i norske finansinstitusjonar og utanlandske finansinstitusjonar etablert i Noreg. Finansinstitusjonen skal ha en forvaltningskapital på minimum NOK 1 MRD, rating på minimum BBB, og kommunens samla innskott i finansinstitusjonen skal ikkje overstige 2 % av institusjonens forvaltningskapital. Avgrensingane gjelder ikkje for flytande innskott hos kommunens hovudbankforbindelse.

### **6.2 Andelar i pengemarknadsfond**

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

- a. Midlar kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning og som inngår som ein del av anerkjent institusjon/finanskonsern.
- b. Det skal berre plasserast i fond med rentefølsemd kortare enn 12 månader.
- c. Ingen enkeltpapir skal ha lågare kreditrating enn BBB på investeringstidspunktet, eller vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
- d. Porteføljen i aktuelle pengemarknadsfond kan bestå av papir med inntil 20% BISvekt, inkludert:
  - Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
  - Renteberande NOK denominerte papir utstedt eller garantert av OECD/EØS sone A statar.
  - Obligasjonar med fortrinnsrett
  - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak.
  - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
  - Renteberande papir, i form av "senior" sertifikat – og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske banker eller kreditteinstitusjonar.

- e. Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda som blir brukt, og midlane skal alltid være tilgjengelige på få dagar.
- f. Det kan ikkje plasserast meir enn 40 mill. kr i eit enkelt pengemarknadsfond
- g. Samla gjennomsnittlig løpetid for kreditten i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 18 mnd.
- h. Det kan ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar eller ansvarlige lån.

### **6.3 Direkte eige av verdipapir**

For direkte plassering i renteberande papir gjelder følgjande:

- a) Det kan berre plasserast i renteberande papir med kortare løpetid enn 12 månader til endelig forfall.
- b) Ingen enkeltpapir skal ha lågare kreditrating enn BBB på investeringstidspunktet, eller vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
- c) Papira kan ha inntil 20% BIS-vekt, og kan bestå av:
  - Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
  - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak.
  - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
  - Renteberande papir, i form av "senior" sertifikat – og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske banker eller kreditinstitusjonar.
- d) Det kan ikkje plasserast midlar direkte i industriobligasjonar, ansvarleg lånekapital, fondsobligasjonar, grunnfondsbevis eller aksjar.
- e) Ingen enkeltplassering i renteberande papir kan utgjere meir enn 20 mill. kr. Unnateke frå denne avgrensinga er plasseringar i statspapir.

### **6.4 Felles plasseringsavgrensingar**

- Kommunens samla innskot i bank/kreditinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utstedt eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige 2% av institusjonen sin forvaltningskapital.
- Kommunens eigardel i et pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5% av fondet sin forvaltningskapital.

### **6.5 Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering pr. 30. april og 31. august, leggje frem rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang legge frem en rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum vise følgjande:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar aktiva i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla midlane til driftsformål.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter
- Rådmannens kommentarar knytt til samansetting, rentevilkår/avkastning, vesentlige marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannens omtale og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

## **7 Forvaltning av kommunens gjeldsportefølgje og øvrige finansieringsavtalar**

### **7.1 Vedtak om opptak av lån**

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Vedtaket skal som minimum vise lånebeløpets størrelse.

Med utgangspunkt i kommunestyret sine vedtak har rådmannen fullmakt til å gjennomføre låneopptak, inkludert godkjenne lånevilkåra, og for øvrig forvalte kommunale innlån etter dei retningslinjene som går fram av dette reglementet, og i tråd med vilkåra i Kommunelova § 50 om låneopptak.

Rådmannens fullmakt betyr også fullmakt til opptak av nye lån til refinansiering av eksisterande gjeld, og innanfor dette reglementet sine avgrensingar avgjere låna sin nedbetalingstid.

### **7.2 Val av låneinstrument**

Det kan berre takast opp lån i norske kroner. Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, og i livselskap. Det er også høve til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden, inkl. eventuell børsnotering av slike lån. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån). Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

### **7.3 Tidspunkt for låneopptak**

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.

### **7.4 Konkurrerande tilbod**

Låneopptak skal søkast gjennomført til marknadens gunstigaste vilkår. Det skal normalt innhentast minst to konkurrerande tilbod frå aktuelle långivarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).

## **7.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument**

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønske om forutsigbarheit og stabilitet i lånekostnader.

Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall.

Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 1 og 5 år.

For å oppnå ein eventuell ønska rentebinding, er det høve til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rente-bytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan brukast i den hensikt å endre renteeksponeringa for kommunens lånegjeld. Føresetnader for å gå inn i slike kontraktar, skal vere at ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt tilseier at slik endring er ønskjeleg.

Det er ikkje tillate å lausrive derivathandelen frå den øvrige finansforvaltninga, og rapportering og berekning av nøkkeltal skal inkludere FRA- og SWAP-kontraktar. Hensikta bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggende lån eller låneportefølje.

## **7.6 Storleik på enkeltlån – spreiing av låneopptak**

Forvaltninga blir lagt opp til følgjande:

- a) Låneporteføljen skal bestå av færrast mogeleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa. Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 25 % av kommunen si samla låneportefølje.
- b) Under elles like forhold vil det vere formålstenlig at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

# **8 Forvaltning av kommunens langsiktige finanzielle aktiva**

## **8.1 Formål**

Forvaltning av kommunens langsiktige finanzielle aktiva har som formål å sikre ein langsiktig avkastning som kan bidra til å gje innbyggjarane i Meland kommune eit godt tenestetilbod. Det blir styrt etter ein rullerande investeringshorisont på fem år, samtidig som ein søker ei rimeleg årleg bokført avkastning.

## **8.2 Ansvarsforhold**

Rådmannen får fullmakt til å plassere kommunens langsiktige aktiva etter dette reglementet.

## **8.3 Overordna investeringsrammer**

### **Generelt**

For å kunne oppfylle formålet for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva skal midlane til ei kvar tid forvaltast etter kriteria:

- sikkerhet
- risikospreiing
- likviditet
- avkastning

Rapportering med omsyn til risikovurderingar skal gjerast som omtalt i pkt. 9.1.

### **Likviditetsmål**

Investeringane skal skje i børsnoterte verdipapir med rimeleg god omsetning og andre papir med tilsvarende god likviditet.

## **8.4 Produktspekter**

Følgjande instrument er tilgjengelige for å verte inkludert i Meland kommune sin forvaltningsportefølje;

- bankinnskot
- sertifikat
- pengemarknadsfond
- obligasjonar
- obligasjonsfond
- ansvarlege lån, fondsobligasjonar og anna hybridkapital
- aksjefond
- aksjar og eigenkapitalbevis
- valutainstrument\*)

\*) Valutainstrument vert tillate berre i sikringsøyemed i tilknyting til kjøp av utanlandske papir og fond denominert i annen valuta enn NOK.

## **8.5 Risikorammer**

### **Likviditetsrisiko**

Likviditetsrisikoen vert styrt mellom anna gjennom andel av statspapir i porteføljen. Statssertifikat og statsobligasjonar er dei verdipapir som er mest likvide i den norske marknaden og kor det til ein kvar tid vert kvotert kursar i marknaden med lågast differanse mellom kjøps- og salskurs.

### **Kredittrisiko**

Kredittrisikoen vert styrt gjennom å klassifisere kredittrisikoen i risikoklasser og ved å etablere plasseringsbegrensingar for risikoklasse og debitor med utgangspunkt i det krav som er satt til kredittrisiko.

## **Risikoklasser**

Kredittrisiko skal klassifiserast i følgjande risikoklasser;

### Risikoklasse A:

Obligasjonar/sertifikat utstedt av den norske stat eller føretak med statsgaranti, samt statsobligasjonsfond.

### Risikoklasse B:

Norske obligasjonar med fortrinnsrett, obligasjonar/sertifikat utstedt av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/ fylkeskommune, banker, forsikringsselskap og kredittføretak, innskot i banker. BIS vekt skal være maksimum 20 %.

Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriterier som over.

Obligasjonar, sertifikat og innskot som inngår i Risikoklasse B og C eller gjennom verdipapirfond) skal minimum være ratet "investmentgrade" dvs. BBB- eller betre.

### Risikoklasse C:

Ansvarlege lån

### Risikoklasse D:

Norske aksjefond, aktiv forvalta aksje- og eigenkapitalbevis-porteføljar beståande av verdipapir notert på Oslo Børs.

## **Plasseringsbegrensninger – risikoklasse**

For å styre kredittrisiko skal følgjande avgrensingar gjelde for plasseringane;

<b>Kredittrisiko</b>	<b>Total porteføljefordeling av total forvaltningskapital</b>
Risikoklasse A	Maksimum 100 %
Risikoklasse B	Maksimum 100 %
Risikoklasse C	Maksimum 35 %
Risikoklasse D	Maksimum 30 %

## **Plasseringsavgrensningar – debitor**

Meland kommune sine rammer for maksimal plassering pr. debitor rekna av kommunen sine samla forvalta kapital (ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål og langsiktige finansielle aktiva).

<b>Kredittrisiko</b>	<b>Maksimal plassering pr. debitor i % av samlet forvaltet kapital</b>
Risikoklasse A	100,0 %
Risikoklasse B	35,0 %
Risikoklasse C	20,0 %
Risikoklasse D	10 %

Det skal ikkje plasserast meir enn 10 % av porteføljens totale forvaltningskapital i eit einskild aksjefond. Kommunen kan ikkje eige meir enn 10 % av fondsandelen i eit einskild verdipapirfond. Kommunen sin eksponering (innskot og direkteide obligasjonar/sertifikat) i ein einskild bank skal ikkje utgjere meir enn 2 % av banken sin forvaltningskapital.

## **8.6 Avkastningsrisiko og benchmarks**

Avkastningsrisiko er definert som risiko for verdiendring på egedeler som følge av endringar i marknadsforhold – herunder endring i aksjekursar, rentenivå samt endring i volatiliteten i desse marknadane. Ved sida av den absolutte risiko (risikoen for å ikkje nå oppsette avkastningsmål) har kommunen og ein relativ risiko som er risikoen for å ikkje oppnå avkastninga til ein samanlikningsportefølje (benchmarkportefølje).

Benchmark (referanseindeks) for langsiktige finansielle aktiva:

Bank/likviditet/sertifikater:	Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 0,25 år (ST1X)
Obligasjonar	Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 3 år (ST4X)
Aksjar / eigenkapitalbevis	Oslo Børs Fondsindeks (OSEFX)

Ved benchmark samanlikningar skal den faktiske porteføljen og avkastninga på denne målast mot "normalporteføljen" og relatert "avkastning" i den aktuelle periode.

## **8.7 Etiske retningslinjer**

Dei etiske retningslinjene skal bygge på FN's Global Compact sine 10 prinsipp:

Menneskerettar:

1. Sikre at selskapet ikkje medverkar til brot mot menneskerettighetene
2. Støtte internasjonalt anerkjente menneskerettigheter innan dei områda der bedriften opererer

Arbeidstakarrettar:

3. Anerkjenne foreningsfriheten og retten til å før kollektive forhandlingar
4. Avskaffe alle former for tvangsarbeid
5. Fjerne bruken av barnearbeid
6. Avskaffe diskriminering i sysselsetting og yrke

Miljø:

7. Støtte "føre var"-prinsippet i miljøspørsmål
8. Ta initiativ til å fremme miljøansvar
9. Oppfordre til utvikling og spreiling av miljøvennlig teknologi

Korrupsjon:

10. Bekjempe all form av korruption, inklusive utpressing og bestikkelse

Disse retningslinjene inneber blant anna at selskap som produserer særlig inhumane våpen skal utelukkast frå porteføljen. Vidare skal selskap verte utelukka dersom det er openbar uakseptabel risiko for at kommunen gjennom sine investeringar medverkar til:

1. Grove eller systematiske krenkingar av menneskerettigheter, som for eksempel drap, tortur, frihetsberøving, tvangsarbeid, utnytting og annen utbytting av barn.
2. Alvorlig krenkelse av individ sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorlig miljøskade, grov korruption og andre særlige grove brot på grunnleggjande etiske normer

Meland kommune vil sjå til at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltningsrammer og etiske retningslinjer i kommunen sitt Reglement for finansforvaltning. Det er Meland kommune sin målsetting at kapital ikkje vert plassert i selskap med en uakzeptabel etisk profil.

Dersom kommunen blir gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med en uakzeptabel etisk profil, skal dette takast opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnde plasseringar gjort av forvaltaren kjem til opphøyr, eller at kommunen trekker seg ut av det aktuelle produkt hos forvaltaren.

## **8.8 Spesielt om rapportering av langsiktige finanzielle aktiva**

Rapporteringa skal som eit minimum vise følgjande:

- Fordeling på dei ulike aktivaklassane i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla langsiktige midlane.
- Avkastning hittil i år samanlikna med referanseindeks pr. aktivaklasse og samla.
- Rådmannens kommentarar knytte til den faktiske aktivafordelinga, endringar i risikoeksponering, vesentlege marknadsendringar, og avkastninga i forhold til marknaden og målt mot kommunestyrets budsjettet avkastning.
- Rådmannens omtale og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i dette reglementet.

I tillegg skal plasseringa av kommunens langsiktige finanzielle aktiva ved kvar rapportering stresstestast med følgjande parameter:

+2 %- poeng parallelt skift i den norske rentekurven

Samla verdifall på langsiktige finanzielle aktiva skal oppgjevast og rådmannen skal kommentere kommunen sin evne til å bere det potensielle tapet. Dersom rådmannen sin vurdering er at det potensielle tapet er for stort i forhold til kommunen sin risikoberande evne, skal rådmannen legge frem forslag til endring i reglementet og samansettning av den risikoberende porteføljen.

## **9 Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko**

### **9.1 Rapportering**

Føremålet med rapporteringa er å informera om finans- og gjeldsforvaltninga sine faktiske resultat og risikoeksponering i høve til fastsette rammer og retningslinjer Rådmannen skal i tillegg til årsrapport, rapportera om utviklinga pr 1. og 2. tertial.

Rapporten skal ihht. Forskriftens § 7 innehalde:

- Beskriving og vurdering av kommunens finanzielle risiko
- Nærare beskriving av korleis aktiva og passiva er samansett
- Marknadsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av aktiva
- Verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av passiva

- Beskriving av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunens finansielle risiko, og ei vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein beskriving av aktuelle marknadsrenter og kommunens eigne renteføresetnadar.
- Rådmannens skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i dette finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

For gjeldsforvaltninga skal det i tillegg rapporterast om følgjande:

- Optak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) så langt i året.
- Refinansiering av eldre lån så langt i året.
- Samansetjing og verdi av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar av passiva.
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding.
- Verdien av lån som har forfall og som må refinansierast innanfor ein 12 månaders periode.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår.
- Rådmannens kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, gjenverande rentebinding og rentevilkår i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, og føreståande finansierings-/refinansieringsbehov.

## 9.2 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast følgjande uavhengige risikovurderingar:

- a) Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng
  - Ei "netto" gjeldsbetraktnng som viser kommunens renterisiko angitt i NOK ved en 1% andel generell endring i rentekurven.
- b) Den absolutte risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva
  - Beregne rullerande standardavvik over 36 månader til porteføljens strategi (benchmark).
- c) Den relative risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva
  - Beregne rullerande relativ volatilitet (standardavviket til differansen mellom faktisk avkastning og strategi avkastning) over 36 månader.

Årlig skal det i tillegg rapporterast om porteføljens samla tapsrisiko, målt ved en stresstest som tar omsyn til samvariasjon (Kredittilsynet el.l.), basert på faktisk utnytting av risikorammer.

## 9.2 Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om dette finans- og gjeldsforvaltningsreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå dette reglementet. Rådmannen får delegert ansvar for at slike vurderinger blir innhenta, eksternt eller gjennom kommunerevisjonen. Det rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane som del av den årlige rapporteringa.